

Referat frå årsmøte i Myrkdalen Grendalag 28/4-16.

Det møtte til saman 12 personar på møtet.

Årsmelding utan merknad. Kommentar : Ynskje om at referat frå alle møte /aktivitetar i Grendalaget skal leggjast ut på heimesida for å visa aktiviteten i laget.

Rekneskap. Inntekt ca.kr.20 000,- Utgifter ca.kr.13 000,- Ca.kr. 7000,- i overskot. Ingen merknad.

Rekneskapen godkjend av revisor.

Per Backer orienterte om heimesida, Myrkdalen.org.

Han har laga ny heimeside no. Han hat teke kusr, oppdatert pc, kjøpt ny pc og skjerm. Han har brukt mykje tid på dette arbeidet. Takk for godt arbeid!

Det er mellom 100-200 besøkjande på heimesida kvar dag.

Myrkdalen Grendalage ynskjer at Per kan fortsetja med heimesida.

Stinettet i Myrkdalen.

Ole Kristian har vore på møte med Fjellandsbyen. Vedlikehald av dei eksisterande stiane.

Prioritera dei stiane som er mest brukt. Fjellandsbyen har søkt om midlar til dette. Myrkdalen Fjellandsby skal kartlegja kva punkt i stinettet som lyt utbetrast i løpet av våren/sommaren.

Årnot- Svoleset, Finnbunuten bl.a er mykje brukte stiar. Stien i Strandalia? Det har gått fleire ras i strandalia og i tillegg er det ein del småkratt/blom. Mykje arbeid å gjera der.

Ole Kristian skal vera representant for Myrkdalen Grendalag i dette arbeidet. Han skal halda kontakt med grunneigarane, og ordna med godkjenning frå grunneigarane.

Gjennomgang av vedtektene for Myrkdalen Grendalag.

Det kom forslag til endringar. Endringane er gått gjennom, og er godkjende. Dei nye vedtektene vert lagt inn på Myrkdalen.org sida.

Skulesaka.

Det har ikkje kome noko vidare med saka sidan allmøtet i november.

Det saki setjast ned ei gruppe/nemnd til å jobba med saka, på vegne av Grendalaget. Styret i Grendalaget kan ikkje jobba med denne saka åleine.

Ole Kristian kallar inn til møte for dei som er interesserte i å vera med. Det har meldt seg nokre personar som ynkjer å vera med i denne gruppa.

Me skal og annonsera på Myrkdalen.org om at evt.andre interesserte kan melda seg til å vera med i arbeidsgruppa, eller bidra økonomisk.

Val.

Ole Kristian Årnot leiar, 1 år

Stig Erlend Jordalen kasserar, 2 år

Anne Grethe Mørkve 2 år

Heine Berland 1 år

Katrine Hauso 1 år.

Kristian Backer og Kåre Ulvund varamedlemmer ,1 år.

Guðmund Furu revisor, 1 år.

Valnemd: Kjetil Skjervheim og Lars Ove Sausjord

Ymse.

Det var mykje salting og lite/dårleg brøyting på vegen gjennom dalen i vinter. Smal,dårleg veg har gjort at det er problem å ferdast langs vegen om vinteren.

Det vart fremja ynskje om at Myrkdalen Grendalag skriv/leverer klage til kommunen.

Ref.

Anne Lise B.Ulvund